



Fylkesmannen i Hordaland

ENVIR AS
Sjøkrigsskoleveien 15 (JE)
5165 Laksevåg

Bergen, 29. juni 2018

Sendt på e-post til: arne@envir.no

Dykkar ref.:
Arne Ove Sekkingstad

Vår ref.(oppgi ved svar):
2016/5275
Sakshandsamar:
Nina Vadøy

Rapport etter inspeksjon ved Envir Jord AS på Laksevåg

Kontrollnummer: 2018.087.I.FMHO

Til stades under inspeksjonen:

Frå verksemda:
Arne Ove Sekkingstad

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Nina Vadøy og Astrid Holte

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Envir Jord AS på Laksevåg den 19. juni 2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland avdekka 2 avvik og ga 1 merknad innan følgjande tema under inspeksjonen:

- krav i løyvet etter forureiningslova
- internkontrollen for ytre miljø

Vi ser alvorleg på avvik 1. Envir Jord AS pliktar å rette opp avvika så snart som råd, og må sende skriftleg melding innan 1. november 2018 om at avvika er retta.

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Nina Vadøy
overingeniør

Astrid Holte
senioringeniør

Kopi til: Bergen kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: ENVIR AS	
Organisasjonsnr.: 916996403	Eigd av: 916973985
Bransjenr. (NACE-kode): 46.180 - Agenturhandel med spesialisert vareutval elles	

Kontrollert anlegg

Namn: Envir Jord AS Laksevåg - lagring av forureina massar	Anleggsnr.: 1201.0753.01
Kommune: Bergen	Fylke: Hordaland
Anleggsaktivitet: Avfall - mottak, mellomlagring og sortering	
Løyve gitt: 19.03.2017	Sist endra: 19.03.2018

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- handtering (mottak, behandling og lagring) av avfall
- vidarelevering av avfall
- internkontroll med vekt på risikovurdering, avvikssystem og skriftlege rutinar for ytre miljø
- utslepp til vatn, grunn og luft
- krav i løyvet etter forureiningslova

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Envir Jord AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Envir Jord AS innan 1. november 2018 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ser alvorleg på avvik 1 som vart avdekt i denne inspeksjonen. Gjennomføringa av tiltaka vil bli følgt opp ved ny kontroll.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmhopostmottak@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Hordaland v/Nina Vadøy.

4. Varsel om tvangsmulkt for retting av avvik

Fylkesmannen varslar at vi vil fatte vedtak om tvangsmulkt (*jf. forureiningslova § 73*) dersom vi ikkje har motteke ei skriftleg stadfesting på at avvika er retta innan 1. november 2018. Tvangsmulkta vil starte dersom vi ikkje har motteke stadfesting på at avvik er retta innan 4 veker etter at vedtaket om tvangsmulkt vart fatta.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere eit eingongsbeløp 50 000 kr.

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Fylkesmannen i Hordaland innan to veker etter at denne rapporten er motteken.

5. Varsel om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 18. juni 2018. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

Under tilsynet varsla vi eit gebyr på 22 800 kr. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. På bakgrunn av ressursbruk for planlegging av tilsyn, gjennomføring av tilsynet og skriving av rapport med omfattande avvik har vi vurdert at gebyrsatsen vert auka til 28 900 kroner som svarer til sats 1. Vi varslar derfor at Envir Jord AS må betale eit gebyr på 28 900 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Fylkesmannen i Hordaland innan to veker etter at denne rapporten er motteken.

6. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda følgjer ikkje vilkår i løyvet

Avvik frå:

Løyvet etter forureiningslova datert 19. mars 2017, sist endra 19. mars 2018:

- Punkt 1 Rammevilkår
- Punkt 1.2 Avfallstypar som ikkje er omfatta av løyvet
- Punkt 3.1 Journalføring og dokumentasjon ved mottak
- Punkt 3.3 Informasjon til kundar
- Punkt 3.6 Lagring
- Punkt 3.8 Vidarelevering av avfall
- Punkt 6.2 Kommunikasjonsplan for støy

Kommentarar til regelverket:

Maksimal lagringsmengde – punkt 1

Verksemda har krav til maksimal lagringsmengde på inntil 5 000 tonn avfall.

Avfall løyvet omfattar – punkt 1.2

Løyvet omfattar ikkje mottak og lagring av farleg avfall. Korleis ein vurderer kva avfall som er farleg går fram av avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Dokumentasjon ved mottak – punkt 3.1

Verksemda skal føre dagleg journal over kva slags avfall, forureiningsgrad, opphav og mengder som blir teke imot og passerer anlegget. For å kunne føre journal over forureiningsgrad må ein vite kva avfallet inneheld av forureining. Verksemda må derfor krevje at kundane som leverer avfall legg fram dokumentasjon på kva avfallet inneheld av forureining. Som eit minimum skal dokumentasjonen innehalde analyseresultat og ei vurdering av analyseresultata som viser representativ prøvetaking. For bygnings- og rivningsavfall vil miljøsaneringsrapport gi nødvendig dokumentasjon.

For massar som er omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved byggje- og gravearbeid, skal verksemda ha tiltaksplan før verksemda kan ta imot massane på anlegget.

Informasjon til kundar – punkt 3.3

Verksemda skal informere alle kundar om kva for avfallstypar og fraksjonar som er tillate levert til anlegget. Verksemda har løyve til å ta imot fleire ulike avfallstypar og har krav i løyvet om å stille krav til kundane ved mottakskontroll, mellom anna i form av dokumentasjon. I løyvet er det også krav til kva for avfallstypar det ikkje er løyve til å ta imot. Informasjonen som må bli gitt til kundane er omfattande og må derfor formidlast skriftleg for å unngå ulik tolking av krav til avfall til anlegget, dokumentasjon og ansvarsforhold.

Lagring – punkt 3.6

Massar skal lagrast etter forureiningstilstand slik at forureining ikkje blir fortynna. Ulike typar massar skal ikkje blandast saman dersom dette kan føre til fare for forureining, eller skape problem for den vidare handteringa av avfallet.

Det er ikkje tillate å tynne ut eller blande massane i den hensikt å oppfylle kriterium for mottak.

Vidarelevering av avfall – punkt 3.8

Det skal dokumenterast at avfall som blir levert til norske avfallsdeponi oppfyller krava til kvalitet i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II om karakterisering og kriteria for mottak av avfall, jf. avfallsforskrifta § 9-11. Avfallsprodusenten skal sørge for at det er gjennomført ei basiskarakterisering av avfallet før deponering i samsvar med avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II punkt 1.1.

Deponi for inert avfall skal berre nyttast for inert avfall og lett forureina massar, jf. avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II punkt 2.1. Avfallet må ikkje overskride fastsette grenseverdier for utlekkingspotensial og organiske parametrar, jf. punkt 2.1.1 og 2.1.2.

I avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II punkt 3 går det mellom anna fram at prøvetaking og testing skal utførast av uavhengige og kvalifiserte personar ved institusjonar med nødvendig kompetanse. Alternativt kan prøvetakinga utførast av avfallsprodusent dersom prøvetakingsrutinane blir kvalitetssikra av uavhengig og kompetent institusjon.

Vidare står det at prøvetakinga skal vere basert på ein prøvetakingsstrategi der ein tek omsyn til avfallsets samansetning og eigenskapar, med utgangspunkt i gjeldande standard for prøvetaking av avfall. Prøvetakingsstrategien skal sikre at det blir tatt representative prøver, og at omfanget av karakterisering og testing er dekkande for det aktuelle avfallet.

Kommunikasjonsplan for støy – punkt 6.2

Verksemda skal lage ein kommunikasjonsplan som skal omfatte både intern og ekstern kommunikasjon i situasjonar med avvik frå ordinær driftstid, til dømes lasting på båt på kveldstid. Planen skal minimum innehalde oversikt over år, korleis og kven som skal varslast.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Maksimal lagringsmengde – punkt 1

Ved tilsynet var det 5 974 tonn avfall på lager. Dette er over grensa for maksimal mengd avfall på lager.

Avfall løyvet omfattar – punkt 1.2

Verksemda vurderer ikkje leveransar av avfall opp mot avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall (klassifisering). Verksemda opplyste at dei vurderte avfall opp mot helsebaserte tilstandsklassar for forureina grunn (TA-2553).

Dokumentasjon ved mottak – punkt 3.1

Verksemda krev ikkje alltid dokumentasjon på kva avfallet inneheld av forureining før mottak. Det gjeld avfall frå leveransar frå Norsk Gjenvinning AS og frå mindre leveransar på under 20 tonn.

Det gjeld og lausmassar i trasè for bossnett, der det står opplyst i tiltaksplan at alle gravemassane vart transportert til Envir AS i Simonsviken næringspark på Laksevåg før resultat frå prøvetakinga var klar, jf. rapport utarbeidd av Multiconsult 16. april 2018 for Bergen Bydrift AS.

Informasjon til kundar – punkt 3.3

Verksemda opplyste at dei informerer kundane om kva for avfallstypar og fraksjonar som er tillate levert til anlegget munnleg, men ikkje skriftleg.

Lagring – punkt 3.6

Verksemda tek imot forureina jord i tilstandsklasse 1-5. Verksemda krev ikkje at tiltakshavar held forureina jord med ulike forureiningsgrad åtskilt. Ved mottak blir ikkje forureina jord lagra og behandla etter ulik forureiningsgrad. All forureina jord blir lagra og behandla samla.

Verksemda lagrar ulike avfallstypar i haugar som går i kvarandre.

Vidarelevering av avfall – punkt 3.8

Basiskarakterisering

Verksemda har levert 4 båtlastar med 4 300 tonn avfall per last til inert deponi (Skjørten massemtak) utan ei fullstendig basiskarakterisering. Det vart opplyst at leveransane bestod av jord i tilstandsklasse 1-5 som var blanda og stein var utsortert. Det var også levert betong som vart lagt på toppen.

Utlekkingstest

Utlekkingstest for massar levert inert deponi (Skjørten massemtak) viste overskriding for fleire parametarar. Verksemda hadde tatt ristetest og kolonnetest. Kolonnetest frå prosjekt Beholdning 20170815 med prøvenamn 201701A viste overskriding av nikkel, klorid og sulfat, medan prøvenamn 201701B viste overskriding for klorid.

Uavhengig prøvetaking og prøvetakingsstrategi

Prøvetaking var ikkje utført av uavhengig institusjon og verksemda kunne ikkje legge fram rutinar for prøvetaking som var kvalitetssikra av uavhengig og kompetent institusjon. Verksemda hadde ikkje etablert prøvetakingsstrategi.

Kommunikasjonsplan for støy – punkt 6.2

Verksemda har ikkje ein kommunikasjonsplan for støy. Det vart opplyst at verksemda varslar alle båtar på nettsida si via Facebook der dei fleste naboane er medlem. 3 av naboane blir varsla på e-post.

Avvik 2

Internkontrollen er mangelfull på ytre miljø

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd, punkt 6, 7 og 8
- Løyvet etter forureiningslova datert 19. mars 2018 punkt 12.1

Kommentarar til regelverket:

Miljørisikovurdering

Verksemda skal ha oversikt over all aktivitet som kan føre til forureining, og må kartleggje og vurdere risiko knytt til aktivitetar eller hendingar som kan påverke det ytre miljøet. På bakgrunn av kartlegginga må det utarbeidast planar og tiltak for å redusere risiko der det er naudsynt.

Rutinar

Verksemda skal utarbeide rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje overskridingar av krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgivinga.

Overvaking og gjennomgang av internkontrollen

Verksemda skal systematisk overvake og gjennomgå internkontrollen for å sikre at den fungerer som den skal.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Miljørisikovurdering – § 5 andre ledd, punkt 6 og 8

Verksemda har ei skriftleg miljørisikovurdering som sist vart oppdatert i mars 2017.

Risikovurderinga var ikkje oppdatert etter at verksemda fekk utvida løyve i mars 2018.

Verksemda fekk då løyve til mottak av fleire ulike typar avfall og til utsortering av stein.

Følgjande hendingar/aktivitetar var ikkje omtalt i risikovurderinga for ytre miljø:

- All behandling og handtering, inkludert lagring, av avfall
- Risiko ved blanding av massar med ulik forureining
- Risiko ved manglande dokumentasjon av avfall inn til eller ut av anlegget
- Risikoen for spreiding av framande artar
- Støy og støv frå verksemda

Lista er ikkje uttømmende.

Rutinar - § 5 andre ledd, punkt 6 og 7

Verksemda har ei skriftleg rutine «Mottakskontroll lett forurensede masser» sist oppdatert 16. mars 2017 og ei rutine « Instruks for drift av anlegg Simonsviken Næringspark» sist oppdatert 9. mars 2017. Ingen av desse rutinane var oppdatert etter at verksemda fekk endra løyve i mars 2018. Rutinane var ikkje i samsvar med dagens praksis.

Verksemda opplyste at dei krev at massane som blir mottatt på anlegget skal ha maksimalt 50 % fuktigheit. Dette står ikkje omtalt i skriftlege rutinar.

8. Merknader

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1

Lagring av forureina massar i nærleik av dekke med hol kan føre til forureining

Kommentarar:

På felles køyreområde like ved området for behandling og lagring av forureina massar var det hol i det tette dekket. Dette kan føre til forureining dersom avrenning og støv frå behandling og lagring av forureina massar hamner på køyreområdet. Det vart opplyst at dekket på området der lagring av forureina massar går føre seg er kontrollert og reparert der det var nødvendig.

9. Andre tilhøve

Klage på Fylkesmannens vedtak om utvida løyve for Envir Jord AS

Part med interesse har klaga på vårt vedtak av 19. mars 2018 om utvida løyve for Envir Jord AS. Fylkesmannen sender klagen til Miljødirektoratet for behandling.

Status for behandling av søknad

Envir Jord AS har 29. mai 2018 søkt om utviding av løyve. Fylkesmannen kjem til å kunngjere søknaden og gjennomføre ei offentleg høyring, men ventar med å sluttbehandle søknaden til Miljødirektoratet har avgjort klage på vårt vedtak av 19. mars 2018.

Om planlagt bruk og nyttiggjering av utsorterte steinmassar

Verksemda sendte Fylkesmannen 25. mai 2018 eit notat for kommentar. I notatet er det gjort ei vurdering av steinprodukt etter utsortering frå forureina massar til gjenbruk og nyttiggjering av steinmassar større enn 30 mm. Miljødirektoratet jobbar med å utarbeide eit faktaark om massehandtering. Det er venta at bruk og nyttiggjering av massar vil vere omtalt i faktaarket. Fylkesmannen viser derfor til det kommande faktaarket.

10. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova) med underliggjande forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen

11. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)

Brosjyrar/faktaark vart utdelte:

- Avfallsdeklarering.no (M421|2015)
- Avviksbehandling: Det er bedre å lære av en feil enn å gjenta den
- Risikovurdering: Kontroll med risiko gir gevinst
- Farlig avfall fra bygg og anlegg (M29|2013)
- Har virksomheten din farlig avfall? (M-550|2016)
- Håndtering av farlig avfall (M-284|2014)
- Følgedokumenter for eksport av avfall (M-637|2016)
- Gebyr ved kontroll (M-297|2015)
- Substitusjonsplikten (M104|2014)
- Disponering av betong- og teglavfall (M-14|2013)
- Hva kan min virksomhet gjøre for å begrense marin forsøpling og mikroplast? (M-992|2018)